



TILLEGGSINNKALLING

Utval: Formannskapet

Møtedato 01.06.2017

Møtetid: Kl. 16:00 - 16:00

Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
032/2017	17/390	Finansiering av brosjyre om Samnanger	
033/2017	17/562	Val av aksjonskomite til TV-aksjonen 2017	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Lund, Arnved Soldal	Arkivkode: FE - 223
Arkivsaksnr: 17/390	Løpenr: 17/5683
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	01.06.2017	032/2017

Finansiering av brosjyre om Samnanger

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune bestillar 8 sider ekstra i brosjyren til ein kostnad på kr 29 440,-. Brosjyren får 16 sider totalt. Det vert finansiert med bruk av næringsfondet.

Dokument som ikkje er vedlagt:

(slett denne teksten dersom du ikkje viser til dokument som ikkje er vedlagt)

Kva saka gjeld:

Samnanger næringsforum har arbeida med ein brosjyre med fakta og informasjon om Samnanger. I arbeidet med den har dei trekt Samnanger kommune inn.

Det er JS/Norge som står for brosjyren. Deira forretningsmodell er at dei sel annonser i brosjyren for å finansiere den. Samnanger kommune har tidligare fått lagd ein brosjyre på denne måten.

JS/Norge har selt annonser til å fullfinansiera ein brosjyre på åtte sider, men me har så mykje me ynskjer å sei i brosjyren at me vert anbefalt å auke til 16 sider. Det medfører ein auka kostnad på kr 29 440,-. JS/Norge har selt eller forsøkt å selja til alle næringsdrivane i Samnanger. Dersom me skal auka sidetalet, me me ta kostnaden sjølv.

For kr 29 440,- for me ein brosjyre på 16 sider i eit opplag på 2 500 stk, 12 månader nettversjon med web-ikon og aktive lenker på annonsane og 12 månader nettversjon til bruk i e-post signatur.

Dersom me ikkje kjøper dei ekstra sidene, får me ein brosjyre åtte sider med dei same

nettversjonane.

JS/Norge har ansvaret for all tekst og bilete. Me får eigen tekstforfattar og dei leigar inn fotograf.

Vurderingar og konsekvensar:

Me gjer ikkje mykje for å marknadsføre Samnanger, og å laga ei brosjyre er eit lite steg for å synleggjera oss betre. Det at me får den både trykt og i nettversjon er ein fordel. Effekten av ein trykt brosjyre har nok i denne tida ikkje den største påverknaden. Den kan vera utfordrande å få distribuert til dei som ikkje viste at dei var interessert i Samnanger. Nettversjonen kan spreia på ein lettare måte, med epost, nettside og sosiale media.

I ein brosjyre på åtte sider er det 5,7 sider med tekst og bilete, resten går vekk i annonser. Dersom me skal fortelje om alle sidene Samnanger har vert det lite plass å gjera det på.

Aktuelle tema er:

- Presentasjon av kommunen med helsing frå ordføraren
- Levekår
- Turisme
- Lag og organisasjonar
- Senterutvikling på Bjøkheim
- Næring/næringsutvikling
- Kvifor Samnanger?

I ein brosjyre er det viktig at ikkje sidene er tettpakka med tekst, det bør vera lufting. I tillegg er bruk av bilete viktig. Med alle desse temaa vert åtte sider for lite og JS/Norge tilrådd at me dobblar sidetalet. Då vil me få høve til å ha med alle temaa.

Samnanger kommune sitt høve til å finansiera dei ekstra sidene er med bruk av næringsfondet. På næringsfondet er det kr 518 291 i unytta midlar.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Lund, Arnved Soldal	Arkivkode: FA - X03
Arkivsaksnr: 17/562	Løpenr: 17/5685
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	01.06.2017	033/2017

Val av aksjonskomite til TV-aksjonen 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ordfører vert leiar av TV-aksjonen. Samnanger kommune ber Utdanningsforbundet om å delta i aksjonskomiteen. Rådmannen stiller med sekretær. Komiteen bestemmer sjølv om dei ynskjer å trekke inn andre ressurspersonar.

Dokument som er vedlagt:

Samnanger Oppfordring til a° opprette KK 2017 300317 (L)(155299)

Kva saka gjeld:

Samnanger kommune vert kvart år beden å ta del i TV-aksjonen. Kommunen er oppmoda til å oppretta ein kommunekomite for TV-aksjonen 2017. Frist for innmelding av komiteen er 2. juni. Rådmannen stiller med sekretær for arbeidet. Aksjonen vert arrangert søndag 22. oktober.

TV-aksjonen NRK 2017 går til UNICEF sitt arbeid for å gje utdanning til barn ramma av krig og konflikt. Skulegang gjev barn som lever i konfliktområder høve til å læra, leika og vera saman. På sikt bidreg utdanning til å gjenoppbygga samfunn og gje håp for framtida.

Rådmannen har ikkje tidligare kome med framlegg i val av aksjonskomité.

Vurderingar og konsekvensar:

Aksjonskomiteen har ansvaret for gjennomføringa av TV-aksjonen lokalt. Arbeidet består i å organisera frivillige og rapportera kor mykje som vert samla inn frå Samnanger.

Aksjonskomiteen har dei siste åra bestått av politikarar. Frå 2009-2014 vart medlemmane

plukka frå

utval for oppvekst og omsorg, og det var frå to til fire medlemmar. I 2014 vart òg leiar for eldrerådet plassert i komiteen.

I 2015 valde utval for oppvekst og omsorg å velja ein komité kor alle partia i Samnanger vart representerte med eitt medlem kvar. Dei som vart valde var ikkje informert på førehand.

Aksjonskomiteen er viktig for gjennomføringa av aksjonen. Det er komiteen som skal skaffa og organisera dei frivillige.

Frå 2009-2014 var det minimum ein i komiteen som hadde vore med på dette før, gjerne fleire gonger. I 2015 var alle nye. Då er det ein fordel å vera fleire.

I 2016 vart aksjonen tildelt Røde Kors og Røde Kors Samnanger vart bedt om å stilla med 2 medlemmar i komiteen. Det fungerte veldig bra.

I Samnanger har me nytta oss av ungdomsskuleelevar i tillegg til frivillige som bøsseberarar. Det er aksjonskomiteen som organiserer gjennomføringa av TV-aksjonen lokalt. Sidan inntektene i år går til UNICEF sitt arbeid for utdanning kan det vera naturleg at Utdanningsforbundet vert involverte i arbeidet.

Knut Harald Frøland, Samnanger Kommune

BERGEN 4. mai 2017

Anmodning om å opprette kommunekomiteé for TV-aksjonen NRK 2017

Tusen takk for innsatsen Samnanger kommune gjorde for TV-aksjonen i fjor!

TV-aksjonen 2017 går til UNICEF. Sammen skal vi skal gi barn i Colombia, Mali, Syria, Pakistan og Sør-Sudan tilgang på læring. Aksjonen arrangeres søndag 22. oktober. Ett av fem barn i krigs- og konfliktområder står i dag uten skolegang. UNICEF jobber hardt og målrettet for at barn ikke skal få ødelagt fremtiden på grunn av voksnes kriger og konflikter. Skolegang gir barn som lever i konfliktområder en mulighet til å lære, leke og være sammen.

Kommunekomiteen er avgjørende for å mobilisere organisasjoner, skoler, næringsliv, foreninger, idrettslag og bøssebærere. **Vi håper du vil medvirke til at årets TV-aksjon blir en knallsuksess ved å påta deg vervet som leder for kommunekomiteen i Samnanger kommune.**

Som leder for kommunekomiteen er du en døråpner og et ansikt utad for organiseringen av verdens største dugnad og innsamlingsaksjon. Komiteen bør også bestå av ressurspersoner fra kommune, skole, foreninger og næringsliv som kan bidra til å engasjere frivillige og bøssebærere til årets aksjon. Vedlagt finner du en brosjyre med forslag til oppgaver og roller som komiteen kan ta på seg for å mobilisere så mange lokale støttespillere som mulig. Ved å inkludere flere mennesker i komiteen som oppgavene kan fordeles på, blir arbeidet lettere for hvert enkelt medlem.

Når kommunekomiteen er utnevnt, ber vi om at medlemmene registrerer seg på vårt elektroniske registreringsskjema innen 2. juni. Skjemaet finner dere på blimed.no/aksjonskomite-paa-1-2-3/

I linken over finner du informasjon om hvordan du kan opprette en kommunekomite/aksjonskomite.

Vi gleder oss til et nytt og spennende TV-aksjonsår, og ser frem til et godt samarbeid med Samnanger kommune.

Med vennlig hilsen,
Ingri Deisz Horne – Fylkesaksjonskoordinator Hordaland
Tel: 92847918
E-post: Ingri@tvaksjonen.no